

## Den utrulege dugnadsgjengen!

06.08.2017



Kl.12 var dugnadsfolk i arbeid med alt frå nedrigging av scene, telt og elektrisk anlegg til bortkøyring av høy og høyballar.

**Med fyrverkeriet kl.1 natt til søndag vart storfesten Festidalen avslutta. Ein fantastisk fest frå ende til annan! Det såg ikkje ut som regnveret sette nokon dempar på stemninga. Ein enorm dugnadsinnsats frå over 340 registrerte frivilljuge, og sikkert nokre uregistrerte, ligg bak, både før og etter festen. Alt kl.9 søndag føremiddag var oppryddingsarbeidet godt i gong.**



Kl.12 var det også matpause for ein del av dugnadsfolka.

Uskedalen.no har prøvd å følgja med på arbeidet med Festidalen siste veka. Det er ikkje lett for det føregår på

så mange 'frontar'. Men vi er storleg imponert! Det krev mykje å klargjera den koselege arenaen som det går gjetord om, og bygda elles! Til tider har det krydd av gode dugnadsfolk på Dønhaug. Mange har brukt ei ferieveke til dette! Heilt fantastisk! Organiseringa av arbeidet har vore imponerende og viser at det er godt med både erfaring og god planlegging.

Ryddinga er ofte verste jobben. Derfor var det ekstra stort å koma til Dønhaug kl.12 søndag i verste regnbyga og sjå at det var stor gjeng i gang med oppryddingsarbeid både på jordet og på campen. Då eg kom inn i låven sat det jammen ein flokk der òg! Dei hadde alt vore i sving nokre timar og trong eit godt måltid mat! Og då eg køyrde ned frå Dønhaug, trefte eg fleire bilar med nytt påfyll av gode dugnadsfolk. Dette er så flott å sjå etter at så mange har jobba hardt med å gjera klart til og gjennomføra alle dei flotte arrangementa som er på Festidalen-programmet!

Kl.17.30 tok eg turen oppom Dønhaug att. Då var det gjort ein stor jobb. Scenen var nede og i ferd med å verta lasta i traileren. Mykje anna må også transporterast til ulike lagringsplassar. Steinar Haugland var svært godt nøgd med jobben så langt. Han sa at arbeidet hadde gått svært effektivt då mange har mykje rutine. Sjølv om det hadde vore bra med folk, hadde det ikkje gjort noko om dei hadde vore fleire. Sjølv om mykje alt er gjort, vert det heilt sikkert behov for folk til hjelp dei næraste dagane. Den som kan gjera ein innsats kan då ta kontakt med Steinar Haugland eller andre i Festidalen-leiinga.



Kl.17.30 var det reingjering av flakar og mykje anna før det skulle lagrast.





Kl.17.30 var mykje av scenen kome inn i traileren.

Eg håpar kvar og ein i dugnadsflokken, frå born til pensjonistar, fastbuande kvinnheringar og tilreisande, ja, absolutt alle, får høyra like mange positive tilbakemeldingar om den fantastiske festivalen som eg får. Dette året har eg møtt mange som er her for første gong, og som veldig imponert over gjennomføring og organisering, den fantastiske arenaen og pyntinga elles, maten, og breidda i tilbudet med alle barneaktivitetar, føredragskroer, næringsseminar, Festitaren og turlagstilboda i tillegg til musikkarrangementa.

Bak alt dette ligg uteljelege dugnadstimar. Nokre veit eg alt er i gang med arbeidet til Festidalen 2018. Og eg veit eg vil sjå veldig, veldig mange av den flotte friviljugflokken att til neste år!

For meg er det ufatteleg at eit så stort arrangement er 100% dugnadsbasert slik Festidalen er!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.